



Innspel til kommuneplanens samfunnsdel  
frå deltakarar i

# "Tenketanken"



Volda kommune  
30.11.2015



## Innleiing og metode

Dette heftet inneheld innspel frå Tenketanken til kommuneplanens samfunnsdel.

Tenketanken vart etablert i samband med kommunereformprosessen, men er også nytta i kommuneplanarbeidet. Tenketanken består av representantar frå formannskapet, ungdomsrådet, eldrerådet, kommunalt råd for funksjonshemma, grendelaga, Volda Næringsforum, frivillig sektor, Høgskulen i Volda, Volda sjukehus og Volda kommune.

Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld åtte hovudtema. Det har vore to møte i Tenketanken hausten 2015, og dei åtte hovudtema vart fordelt slik:

Torsdag 24. september:

- Attraktivitet (folk, næring, trivsel)
- Volda i regionen
- Volda sentrum
- Folkehelse

Torsdag 15. oktober:

- Busetting
- Klima og miljø
- Tenester
- Samfunnstryggleik

Deltakarane i Tenketanken representerar ikkje berre seg sjølv, men ei større eining. Dei vart difor oppmoda om å diskutere dei aktuelle tema med fleire av "sine" før møta.

På det første møtet vart deltakarane bedne om å tenkje og skrive mykje kvar for seg, noko som resulterte i mange skriftlege innspel. På det andre møtet vart det lagt opp til meir diskusjon rundt borda, og mindre tid til å skrive. Difor er det i dette heftet generelt meir materiale og innspel til tema som vart gjennomgått 24. september.

Sentrale spørsmål på møta var:

- Kva er utfordringane i Volda?
- Kva er kvalitetane?
- Korleis vil vi ha det (mål)?
- Kva kan vi gjere for å få det betre (strategiar)?
- Kva kan vi gjere for å ta vare på det som er bra (strategiar)?

Deltakarane vart bedne om å sette ein stjerne ved dei viktigaste punkta i kvart spørsmål.

I dette heftet er innspela samla og sortert etter tema. Stjernene heng framleis med. Innspel med stjerne er også samla fremst i kvart tema, i eit fargediagram. Fargediagramma kan sjåast på som ei oppsummering av dei viktigaste punkta. Dei innkomne innspela vart skrive både på bokmål og nynorsk. Det er lagt vekt på å vidareføre innspela så "autentiske" som mogleg, og dokumentet inneheld difor ein blanding av skriftmål. Representantane i Tenketanken har fått høve til å lese gjennom heftet og komme med korrigeringar før endeleg versjon.

## Deltakarar 24. september 2015

NAMN:	LAG/ORGANISASJON:
Sirikit Vågen	Utdanningsforbundet, prosjektgruppe kommunereform
Astri Hunnes	"Frivilligheita"
Karl Erik Rønnestad	Volda Næringsforum
Gunnar Høydal	Høydal Velferdslag
Jorunn Beate Lillebø Lande	Dravlaus og Innselset grendalag
Solgunn Sæterås	Lauvstad og Velsvik grendautval
Arne Oddmund Torvik	Kommunalt råd for funksjonshemma, Lauvstad og Velsvik grendautval
Jan-Norvald Jønsson	Mork grendalag
Stefan N. Halck	Volda næringsforum
Johan N. Roppen	Høgskulen i Volda, idrettsrådet
Maria Sundal	Austefjord grendautval

Folkestad grendautval leverte innspel på e-post i etterkant av møtet.

## Deltakarar 15. oktober 2015

NAMN:	LAG/ORGANISASJON:
Tonje Berg Bakkebø	Hjartåbygda grendautval
Alexander Løvik Stevenson	Dravlausbygda og Inselset grendalag
Jorunn Beate Lillebø Lande	Dravlaus og Innselset grendalag
Lars Kåre Kile	Bjørkedal grendautval
Karl Erik Rønnestad	Volda Næringsforum
Roger Nedreklepp	Volda eldreråd
Rune Sjugard	Volda kommune

Utdanningsforbundet i Volda, Folkestad grendautval og Jan-Norvald Jønsson frå Mork grendalag leverte innspel på e-post i etterkant av møtet.



## Innhald

Innleiing og metode	s. 2
Deltakarar	s. 3
Attraktivitet (folk, næring, trivsel)	s. 4
Busetting	s. 7
Volda i regionen	s. 9
Volda sentrum	s. 12
Folkehelse	s. 15
Klima og miljø	s. 17
Tenester	s. 18
Samfunnstryggleik	s. 20



UTFORDRINGAR

KVALITETAR

MÅL OG STRATEGIAR

### KVA ER UTFORDRINGANE?

- Attraktive arbeidsplassar. Lite mangfaldig arbeidsmarknad.\* Manglar arbeidsplassar for nr. 2 i familien til tilflyttarar.
- Mangler gründerar/drivere til å starte ny og spennende næring (utenfor Kultur næringshagen)\*.
- Offentlig preget tankegang – lavere grad av innovasjon/utvikling. Lite samordnet/helhetlig presentasjon (næringsanalyse). Investeringsvilje (manglande, privat). Lite samlet tanke blant grunneiere om muligheter for utvikling. Risikoaverse ift. Investeringsvilje/evne.
- Godt skulemiljø også på bygdene.
- Dårlige og gamle barnehagebygg og sentrumsskular (Mork, ungdomsskulen, Vikebygda, Øyra,..)
- Skulen, barnehagen og forsamlingshus for ulike lag og organisasjonar (på Mork), har med tilflytting dei siste tre år blitt for små. Skule er på dispensasjon!\*
- Kroppsøvingssal og opplæringsbasseng til Øyra skule og Volda ungdomsskule.
- Kartlegge, merke og utvikle eit "turvegnett" i fjell og fjære (t.d. i Morka-bygda, Niven, Høgetua, Morkåsen, Helgehornet og strandsona frå Volda sentrum til Allida).
- Manglar sykkelstiar. Sykkelheis? :)
- Nattferje til Lauvstad og Folkestad.\* Manglar nattferje både Lauvstad/Folkestad, gjer at det er vanskeleg særleg for ungdom å bu på bygdene.
- Infrastrukturen og trafikktryggleik i Morkabygda.\*
- Infrastruktur; korleis knytte saman kommunen? Godt utbygd internett, slik at folk vil busette seg. Kortare reiseavstandar.\*
- Manglande parkeringsmogelegheiter.
- Gode kommunikasjonsenheter – fly – broer – busser – etc.\*
- Betre kollektivtransport. Fragmentert kollektivtilbod. (Bra til Ørsta, dårleg til Stryn, Ulstein, Hareid, Herøy.)
- Sterkt skille mellom lokalbefolkning og studentar/høgskulemiljøa og lokalbefolkning og innvandrarar/ asylsøkarar. Kontakt mellom nyttilflyttarar og fastbuande.\*
- Utnyttar ikkje innvandrarar som ressursar godt nok (arbeidspraksis/møtestadar).
- Legge til rette for eit rikt musikk- og kulturliv (bygge ut Samfunnshuset med ny scene?) Manglar kulturhus.

Manglar eigna samfunnshus.

- Gode fritidstilbod.
- Ikkje la byggefirma få blankofullmakt til å prege bygda (bygdene) med meir eller mindre framande byggestilar og breie seg ut over all mark, bokstaveleg tala.
- Våge å vise musklar – framsnakke tilboda våre. Synlighet knyttet til Voldas kvaliteter og aktiviteter (underkommunisert). Manglende helhetlig strategi/visjon for Volda (eller underkommunisert) = diffus "tiltrekningskraft".
- Manglande heilheit.
- Manglar eit godt hotell (mange reiser til Ørsta i staden for å nytte Volda turisthotell).

## KVA ER BRA?

- Volda har ein flott og særegen natur med store muligheiter for tur og friluftsliv både sommar og vinter.\*
- Voldaskulen.
- Dalsfjord skule og Fyrlykta kulturhus er veldig bra :) Men; skulen treng fleire elevar.
- Har full dekking barnehagar, grunnskule, vidaregåande skule, vaksenopplæring og høgskule i ei og same bygd! (Til og med Globalskule!)
- Mange gode tilbod til vidaregåande opplæring.
- Utdanningsmuligheiter. Stort og kreativt studentmiljø.\* Mange kvinner i alderen 19-30 år pga. høgskulen. Studentar berikar Volda. Tydelig (nasjonal) profil som studiebygdA.
- Sjukehus og høgskule. Kompetanse på høgt nivå. Mykje offentlege arbeidsplasser. Trygge, offentlege arbeidsplassar.
- Flyplassen.
- Gode tenestetilbod. Sterkt offentlig næringsliv. Vertskapskommune.
- Kvivsvegen og Eiksundsambandet gir utvida moglegheiter i forhold til arbeidsmarknad – og samarbeid. Desse muligheitene må utnyttast.
- Har etterkvart gode kommunikasjonar ut av kommunen.\* Nærleik til alt. Akseptabel kort veg til "andre" stader med andre eigenskapar; Stryn, Ørsta, Ulsteinvik, Herøy, Ålesund. God flyplass.
- Kjekke folk. Fantastiske ungdommar. Toleranse. Mangfald når det gjeld kven som bur her – flott med studentar og tilflyttarar frå heile verda.
- Vi trivast i Dravlausbygda og Innselsetbygda :)
- Sterkt organisasjonsliv - variert organisasjonsliv. Mykje frivillig arbeid. Mangfaldig kultur-, fritids- og idrettsliv.\* Godt idrettsmiljø og -tilbod. Godt kulturliv trass mangel på kulturhus. Fint med festivalar av ymse slag. Fritidstilbodet er bra i sentrum – mindre bra på bygdene grunna reiseavstand.
- Nytt bibliotek som vi kan utnytte meir!
- At Volda næringsforum ligg utanfor kommunen og kan løyse nærings saker på ein mindre byråkratisk måte.
- Lang, solid historie å spille på ift utvikling (gir retning).\*
- God kommunikasjon frå kommunen.

## KORLEIS VIL VI HA DET I VOLDA OG KVA KAN VI GJERE FOR Å FÅ DET BETRE? (MÅL OG STRATEGIAR)

- Gode barnehage og skulebygg.\* Strategi:
  - Bygge nytt, rehabiliterer, betre, utvide slik at det vert kapasitet og gode læringsarenaer for vår viktigaste ressurs; barn og ungdom. Bygge kroppsøvingssal og opplæringsbasseng.
  - Gymsal.\*
  - God kompetanse i ped. Tilsette. Fleire barnehagar har over 50% pedagogtettleik i bhg. personalet.
- Desentralisert skuletilbod. Ny skule på Mork snarast, sidan denne er frå 1950, og ikkje er nok klasserom. Ikkje universell utforming. Barnehagen på Mork er sprengt.
- Ta vare på born og ungdom.\* Satse på barn og unge. Godt oppvekstmiljø. Ein god stad å leve. Reell medverknad for innbyggjarane. Strategi:
  - Gje tilbod til alle – ikkje berre idrettsungdommen.
  - Ha godt helsestasjonstilbod til barn og ungdom.
  - La ungdomsklubben få fleire ressursar.
  - Kan ein ha eit tilbod til 5.-7. klasse?
  - Ha kano, kajakk, sykkelutleige – gratis til utlån.

- Samordning/samarbeid Volda kommune – Høgskulen.\* Utnytte høgskulen i samarbeid med lokalsamfunnet.
- Et sted som tar vare på sine yngre, eldre og "svake grupper" – gode verdier.
- 
- Gode helsetilbod. Behalde sjukehuset.
- Ta vare på jordbruket.
- Aktivt samarbeid. Kommunen som god tilretteleggar av samarbeid og utvikling.
- Allsidig jobbtillbod. Volda må vere attraktiv for næringsverksemdar; arbeidsplassar skapar innbyggjarar.
  - Strategi:
    - Heilhetleg planlegging for utvikling av næringsliv.\*
    - Bruke Volda næringsforum for å få betre kommunikasjon med næringslivet.
    - Sikre forutsigelige økonomiske rammer for Volda næringsforum.
    - Utvikle studiebygdA-partnerskapet (=garantist for utvikling)\*
    - Anerkjenne ildsjeler og gründere.
    - Skaffe nye arbeidsplassar slik at det vert attraktivt for alle.
    - Et samlende og utviklende næringsliv (møteplasser) med en tydelig stemme + kommunen som god tilrettelegger (løsningsorientert).\*
- Sterkere vilje til gode investeringar som er bærekraftige (miljø mv). Utvikle og ta vare på lokale eiere (gründere/drivere). Stimulere til allsidig og innovativt næringsliv, der tverrfaglig/-sektoriell/organisasjonell tankegang er rådende.\*
- Utdanne de beste politikarane.
- Ta vare på det rike mangfaldet. Vere rause – skape gode møtestadar. Ynskjer at Volda kunne vere eit romsleg samfunn med plass for ulikeheit, det ville gjere oss rikare. Trur eg.\*
- Gjere frivillig sektor enda betre – avgjerande for bulyst/attraktivitet Levende kulturliv – kulturkalender i aktiv bruk. Strategi: Ein felles kulturkalender der alle kan få publisert sin/sitt lag sin aktivitet/konsert/andre offentlege arrangement. Ta vare på eldre og bruke dei som ressurs.
- "Vi-kjensle". Ynskje om at alle som bur her føler seg som voldingar – dersom dei ynskjer det.
- Integrere/inkludere frivillig sektor; stille (kvalitets-) krav + gje støtte. Kjøpe tenester?
  - "Samfunnsoppgåver"
  - Innhald
  - Folkehelse
- Frivilligsentral\*
  - Strategi:
    - Skape ein frivilligsentral.
    - Sjå til Kristiansand; "lån ein Volding".
    - Bruk av biblioteket som møtestad. Dei som vil vere kontaktperson for nyttilflyttarar melder inn telefonnummer til biblioteket, dei som treng ein kontaktfamilie får nummer. Då kan ein få til meir enn snakk. Bruke pensjonister.
- Me må ta vare på vårt eige for å kunne ta i mot nye innbyggjarar på ein god måte: syte for lokalkunnskap i skule og barnehage. Ta vare på lokal kultur.
- Velfungerende og aktivt samarbeid mellom offentlig/privat næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, høgskulen og andre kunnskapsmiljø og ildsjelene! (Penta Helix-modell, ref. siste del av utviklingsplanen.)\* Trekke fram og belønne yngre menneske som står for noe og som bruker sin stemme lokalt (og ikkje bare i Idol ;)
- Utvikle friluftslivet. Kartlegging av turområde i samarbeid med Mork IL/gredalag og grunneigarar. Marknadsføre meir naturen/alle mulighetene vi har.
- Sikrere skulevegar. Gode forbindelser til sentrum. Sikre samanhengande gang/sykkelveg mellom Volda og Ørsta. På ei side, altså vidareføring frå gamlebutikk til R-senter langs flystripa. Tilrettelegge f.eks. stiar mellom Mork/Hovdebygda for barnevogn, rullestol.
- Opparbeide gang- og sykkelstier, turstier etc.
- Ha eit betre vegnett – kollektivtilbod. Gode flytilbud/busstilbud/ringruter i boligstrøk – dette vil redusere bilbruken. Betring av kollektiv/gangveg/turveg – samanhengande nett? T.d. Rotevatnet.
- Jobbe for Voldatunnellen. Utnytte mogleighetene i Eiksundsambandet og Kvisvegen.
- Inkludere trafikk/vegar i planlegginga – legge føringar i staden for å reparere i ettertid.
- Fly Hovden - Trondheim (alle pasienter må om Vigma).
- Dravlaus og Innselset; vi ynskjer å behalde bygdelaga med skule, butikk, arbeidsplassar mm.\*



## KVA ER UTFORDRINGANE?

- Tilgjengelege tomter er mangelvare.\*
- I sentrum: tilgang på tomter.\* Mangel på nye sentrumsnære bustadar.
- Tomter – også på bygdene.\*
- Legge til rette for spreidd busetning på bygdene.\*
- Frådelling av tomter på gardsbruk (arealpolitikk).
- Treng utleigebustadar på bygdene.\*
- Høg grunnpris i Volda.
- Kunne tilby attraktive arbeidsplassar.\*
- Arbeidsplassar til nykommarar.\*
- Kvinnearbeidsplasser.
- Samferdsel - reisetid og kommunikasjon inn til sentrum.\*
- Kommunikasjon med vestsida.\*
- Mangel på ferjetilbod om kvelden.
- Kollektivtilbod.
- Internettdekning.
- Eit alternativt sentrum/kommunesenter (kulturtilbod).
- Større eigedomsskatt for hus/garder som står tomme. For mykje utbygging av firemannsbustadar vil tære til stor gjennomtrekk (Mork).
- Usikker framtid for bygdeskular.
- Fulle skular.

## KVA ER BRA?

- Eiksundsambandet og Kvivsvegen har gitt Volda eit større marked i høve arbeidsplassar, kulturtilbod mm.\*
- Natur og turmuligheiter.\*
- God infrastruktur.\*
- Mykje statlege arbeidsplassar.\* Statlege og regionale arbeidsplassar.

- Breiddt spekter av arbeidsplassar.
- Små avstandar i kommunen.
- Kort veg til andre tettstader som har komplementære arbeidsplassar.
- Sentrumstettleik.
- Stort kulturtilbod - mange organisasjonar.
- Mork er eit svært populært område å flytte til, sentrumsnært, kun 3-4 km. Og flatt; enkelt å gå/sykle til og frå Volda sentrum.
- Utleigemarknad.
- Høgskule – mange studentar og studentboligar.
- Volda har mykje av det som trengs for å vere ein god stad å bu.

## KORLEIS VIL VI HA DET I VOLDA OG KVA KAN VI GJERE FOR Å FÅ DET BETRE? (MÅL OG STRATEGIAR)

- Levende bygder. Strategi: Oppretthalde bygdeskulane, legge til rette for spreitt busetnad.\* Minner om at Folkestad, Fyrde og Dravlaus er definerte som «kommunedelsentra» i planar og kommunale dokument heilt frå 1980-talet, og at dette må reflektere seg i prioriteringar av tilbod på bygdene.
- Ta vare på mangfaldet i infrastrukturen, legge til rette for små barnehagar og bygdeskular.
- Dei "nye" klyngetun for bygdene.\*
- Styring med utbygging på bygdene.
- Rask sakbehandlingstid.
- Gjere det lettare å frådele tomter. Tilby tomter på bygdene. Utbygging av fleire tomter på grendene/ utkantane.
- Ein må få meir busetting på bygdene om bygdene skal leve vidare.
- På bygdene:
  - Større bustadtomter, gjerne også med muligheit for naust og båtplass + evt. andre goder.\*
  - Enklare prosess i forhold til hus nr. 2 på garden. Gjeld også frådeling av tomt.\*
- Tilgjengeleg areal for bygging av bustadar på bygdene - klart for potensielle tilflyttarar.\* Sette av areal i kommuneplanen til bustadar i samtlege bygder.\*
- Tilby større tomter på bygdene, gjerne med naust.
- Oppretthalde busetnad på bygdene, desse bruker Volda sentrum. Avhenger av nattferje/bru.
- Betre kommunikasjon med vest-sida.\*
- Utvide ferjetilbod på kveldstid.
- Kollektivtilbod.
- Attraktiv stad å bu enten på bygdene eller i sentrum.
- Boligar for ungdom/studentar.
- Rimelege husvære i sentrum for ungdom/lav inntekt\*
- Fortetting i sentrum.\*
- Klare å halde på dei innbyggjarane ein har; skule butikk, kollektivtilbod, internett.\*
- Unngå lang saksbehandlingstid. Forutsigbarheit.\*
- Ein må ved framtidig bustadbygging (på Mork) satse på større bueiningar minimum 100 m2 + med minimum tre soverom. Større 2 manns eller einebustad.
- Morkabygda ynskjer at framtidig bustadbygging vil bestå av for eksempel større 2 manns og einebustad, slik at ein sikrar stabile tilflyttarar. Og ikkje berre gjennomtrafikk, i Olaskogen er det etter berre eit år to leiligheiter som er ut og innflytta allereide.\*
- Nye kroppsøvingssalar og opplæringsbasseng.
- Renovere gamle hus/bygg.



# TEMA: Volda i regionen



## KVA ER UTFORDRINGANE?

- Liten, utkantkommune.
- "Sentraliseringsspøkelset". Uvisse knytt til "alle" regionale funksjonar (sjukehus, høgskule, tingrett osv.) Halde på arbeidsplassane som alt er her og som er under press, stort sett heile tida.\* Blir sjukehus, høgskule, tingrett osv. borte, blir Volda mindre attraktiv for nye (og gamle) innbyggjarar. Miljøet blir fattigare. Behalde regionale, statlege, fylkeskommunale arbeidsplassar.
- Liten privat sektor i arbeidslivet i Volda.
- Mange likeverdige tettstadar spreidd rundt omkring, konkurranse om plassering av funksjonar/tenester og for handelsnæringa konkurranse om handelsgrunnlag/kundar.
- Dialog mellom utdanningsinstitusjonar/næringsliv.
- Redusert drift ved sjukehuset.
- Dei to store institusjonane våre, sjukehus og høgskule kan lett vere ei sovepute for nyskapande næringsliv.
- Sikre vekst i kulturlivet, Øyane og Eid har med sine kulturhus sprunge frå Volda.
- Liten grad av fellesskapsfølelse, region. Næringsliv som tenker "uavhengig" av grenser (kommune/til dels fylke) støttes i liten grad av offentlig forvaltning. Mye demokrati og mange å forholde seg til (bremser næringsutvikling).\*
- For lite anerkjennelse av Voldas viktige plass i regionen (m.t.p. f.eks. sjukehus, høgskule og andre institusjonar/tjenester som Volda har).
- Blir ein utkant samanlikna med byane; korleis skape attraktivitet? Manglar flytransport til Trondheim. "Voldastilla" - korleis skape folkeliv om sommaren? Når studentane drar - då virkar det folketomt.\*
- Faren for sterk sentralisering, at småbygdene rundt skal bli marginaliserte (uten butikk, skule osv. Dårlege kommunikasjonar, fritidstilbod for unge).
- Volda, Ørsta og Vanylven er ein naturleg kommune.
- Kommunesamanslåing.\*
- Gode servicetilbud.
- God og variert handel. Mindre attraktivt å drive forretning i Volda enn i Ørsta.

- Ikkje turistvenleg nok.
- Tilrettelagt for alle brukere (universell utforming).
- Godt bomiljø.
- Liten grav av felles «vi-kjensle».
- Samferdsel.\* Aukande trafikkmengde i sentrum. Veg i Volda - trangt knutepunkt. Trong ferdselsåre gjennom sentrum. Køyrrer forbi. Nye vegprosjekt (Hafast - Fefast). Gode kommunikasjoner (bygge ny infrastruktur/bruer).
- Flyplass/rutetilbod.\*
- Til dels dårleg kollektivtrafikk - men noko er bra.

## KVA ER BRA?

- Volda har ein del regionale funksjonar.\* Trygge arbeidsplassar. Har regionale arbeidsplassar.
- Veldreve, lokalt sjukehus\* m/god kvalitet.\*
- Høgskule\*, mange av dei kjende fjernsynsansikta har teke utdanninga si her (medielinja). Animasjon. Fungerer som netto eksportør av utdannede kandidater innan viktige fagområder (nyutdanningar og etter- og vidareutdanningar). Viktig for å opprettholde bosetting i heile regionen. Høgskule med godt rykte.
- Trygge arbeidsplassar (offentleg sektor; sjukehus, høgskule).\* Komplementar til andre delar av regionen (type 1. og 2. arbeidsplass-perspektiv). Høgare kvinneandel enn i nabokommunar.\*
- Komplett kunnskapssystem. "Kompetente" vaksne - høgt utdanningsnivå.
- Volda vg. skule rekrutterer både elevar og tilsette utanfrå kommunen (her kan det utvidast mot Nordfjord).
- Tingretten.
- Godt interkommunalt samarbeid - PPT, barnevern, jordbruk, VØR. Men burde hatt NAV-kontor i Volda også.
- Næringshagen.
- Spektakulær natur!!! Som er svært attraktiv både for nordmenn og utenlandske turistar.
- Naturen, fjellheimen.
- Flotte festivalar som er store trekkplaster. Viktig som kultursted + aktivitetssted (mye grunnet studentene). Friluftsliv. Kulturliv. X2.
- Mangfaldet i folkesetnaden, tradisjon for å ta i mot folk. Volda er gode på å ta i mot nye landsmenn jfr. Volda læringscenter.
- Stor frivilligheit. Dugnadskultur. Flotte folk. Minst like bra frivillig sektor/dugnadsånd som i nabokommunane. Mange ressurspersonar - både studentar og fastbuande.\*
- Volda har eit anna kulturtilbod enn andre kommunar - kanskje særskilt idrett. Satsing på idrett/fritid/stadion/skatepark/ Mørehallen. Godt studentmiljø.
- Gode kommunikasjoner ut/inn av Volda (fly, timeekspres, nattbuss).
- Gode bu- og oppvekstvilkår (tryggleik).\*
- God plass.
- Høg kvinneandel enn mange andre kommunar som slit med fråflytting.

## KORLEIS VIL VI HA DET I VOLDA OG KVA KAN VI GJERE FOR Å FÅ DET BETRE? (MÅL OG STRATEGIAR)

- Vi vil at Volda skal vere eit senter på Søre Sunnmøre.\*  
Strategi:
  - Få regionen på lag, få alle til å kjenne eigarskap til regionale funksjonar i Volda.\*
  - Markere tydelig (i samarbeid med regionen) at vi vil utvikle oss.
- Få fleire arbeidsplassar. Må sikre arbeidsplassane i sentrum og på bygdene. Attraktiv arbeidsmarknad.
- Sikre framtida til Volda sjukehus, tingretten, HiVolda, butikkar og anna aktivitet.  
Strategi:
  - Då må ein sikre god kommunikasjon frå kringliggande bygder, kommunar og nabofylke. Framtidsretta planlegging.
  - Landfast samferdselsalternativ som vil gi storregionen Ytre Nordfjord og Søre Sunnmøre nær kontakt med Volda sjukehus, Høgskulen i Volda, Hovden flyplass og Stad skipstunell: bru Folkestad - Volda, bru over Dalsfjorden, tunell Syvden - Dalsfjorden, tunell Lervika - Kjøde (Selje).
  - Volda og Volda-Ørsta må arbeide for å verte den drivande motoren i regionen. Bygge vidare på sjukehus, høgskule, tingrett, flyplass etc.\* Behalde funksjonar ved sjukehuset.

- Samarbeid mellom høgskule - fastbuande!
- Utnytte moglegheitene i Eiksundsambandet og Kvivsvegen med meir.
- Støtte opp om nyetableringar.
- Tydelig regional rolle og anerkjennelse (samt ressurstildeling) ift. HVO, sjukehus, tingrett, kultur, bred deidretts- "fyrtårn" og for visjonen til studiebygdA "Ein møteplass for å dele og lære av kvarandre."
  - Strategi:
    - Være initiativtaker til regionale utviklingsprosjekt, forankret i et tverrfaglig fora med Høgskulen som kunnskapsbase.
- En samlende og utviklende kraft i et velferds- og formidlingsperspektiv (netto eksporter av "gode verdier" basert på toleranse, mangfold, samspill og gode ideer (S.M.I.L.)).
  - Strategi:
    - Si tydelig til virkemiddelapparatet at vi vil utvikle regionen og få med MRF (fylkeskommunen) på jobben. Vi utvikler samfunnsbasisen - velferd - formidling.
- Majoriteten av dei tilsette på sjukehuset er damer og der er overvekt av kvinnelige studentar. Det er mange damer i Volda, og vi treng mannsdominerte yrker til regionen for å få fleire menn til å busette seg her. Volda veks - og vi blir sterkare i regionen.
- Utvikle interkommunalt samarbeid.
- I Volda har vi levende bygder. Volda kommune brukar bygdene sine meir aktivt; til busetting, aktivitetar av ymse slag og inviterer bygdene til samarbeid.
  - Strategi:
    - Invitere til samarbeid mellom kommunen og bygdene.
    - Sterkt lokaldemokrati med eller uten kommunereform.
- Det må tilretteleggast for gåande, syklande, kollektiv og bil.\* Fotgjengeroverganger lys- og lydreguleres. God fremkommelighet for alle. Lett å komme inn i butikker for alle. Plass der barn kan lære seg å ferdes i trafikken (som i Trondheim).
- Gode kommunikasjonar.\* Betre transporten. Knutepunkt samferdsel; båt, veg, fly.\*
  - Strategi:
    - Voldatunnelen.
    - Flytte Lauvstad-ferja; då vil ein korte inn reisetida med 10 minuttar, men ein får ca. 10 minuttar med bil frå Eikrem til Volda sentrum.
      - Folkestad grendautval: Punktet om flytting av Lauvstad-ferja støttar vi ikkje, ettersom dette er dårleg utgreidd og etter vårt syn saknar ei fornuftig grungjeving!
    - Kortsiktig må ein ha eit betre ferjetilbod og raskare overfart. Langsiktig strategi: bruer.\*
    - Bru over fjorden vil styrke Volda som sentrum for regionen.
    - Betre kollektivtilbod (og all anna kommunikasjon).
    - For at Volda/Volda-Ørsta skal verte tydelegare sentrum/kraftigare motorar i regionen må det satsas meir på samferdsel. Bru Volda - Folkestad vil gi andre moglegheiter i høve ytre Nordfjord. Saman med bru Nautvik - Dravlaus vil dette også gje muligheiter mot Vanylven.
- Dette med trafikal forbindelse og reisetid til vestsida av Dalsfjorden går igjen i så godt som alle innspela frå Dravlaus og Innselset. Grendalaget har drøfta dette i styret og ber om at ein i kommuneplanarbeidet ser på korleis forbindelsen kan verte betre - og at endeleg kommuneplan har visjonar/tydelg målsetting om betre forbindelse til vestsida. Ein tenkjer då at også bruforbindelse må drøftast.\*
- Knutepunkt kultur; Rokken, symfoniorkester, teater, korps\*.
- AKTIVITET – folkeliv – møtestedar.
  - Strategi:
    - Lage møtestadar.
    - Synleggjere kultur/arrangementer "Det skjer alltid noe i Volda".
    - Finare sentrum. Meir liv i gatene.
- Ta vare på dugnadsånd. Halde oppe stoltheit. Fokus på dei positive prosjekta.
- Ta vare på mangfaldet. Dyrke/utvikle kultur/uteliv/idrett/ski. "Volda = møtestad." "Volda = Mangfald."\* Nytte naturen slik at den vert attraktiv for andre i regionen.\* Utvikle det rike kulturlivet.\* Skape eit kulturhus.
- I Volda er vi opne og inkuderande. Tradisjon for å ha plass til "framande", nye borgarar. Me vil det skal vere ein romsleg stad med plass til mangfald.
- Vi i Volda er flinke til å vise kva vi har å tilby. FRAMSNAKKE VOLDA!
  - Strategi:
    - Promotering av kommuna, kven er vi?
- Skape meir turistvenleg bygd: bil, båt, sykkel, turstiar, turveg, parkering.

TEMA: **Volda sentrum**



**UTFORDRINGAR**      **KVALITETAR**      **MÅL OG STRATEGIAR**

**KVA ER UTFORDRINGANE?**

- Manglande mangfald i handelstilbodet. Attraktiv handel (mangelfullt). Krympande sentrum (butikkar, kafear, uformelle møtestadar). \* God handelsmiksmangler.
- Lite liv i sentrum, dei store funksjonane ligg utanfor sentrum.\*
- "Alle" andre sentrum har sterk privat sektor som fungerer som motor i sentrumsutvikling (kjøpesenter, hotell, badeland, kulturhus osv.) - Volda taper.\*
- Skape fleire arbeidsstadar.
- Uforståeleg skiltplan i sentrum.\*
- Auka trafikkmengd.\* Trafikksituasjonen i sentrum.\* Alt for mykje trafikk, mjuke trafikantar og syklende er ikkje prioritert.\* Dårlig framkomelegheit (Wayfinding).

- Trafikkutfordringar i Volda sentrum. "Kronglete" veg i sentrum.\*
- Manglande struktur på parkering - langtid/korttid (for tilsette). Dårleg oppmerking av P-plassar. Gode parkeringsplassar for handicap+familieparkeringsplassar. Trang ferdselsåre, parkering.\* Forvirrende parkeringsmerking, mangelfull. Parkering ved Volda stadion.
- Trygge vegar for mjuke trafikantar.
- Bilfritt sentrum (så langt det går). Viktig møteplass! Noko må gjerast med bilen for å få eit levande sentrum, fleire burde gå. Dårlege gangforbindelsar i kombinasjon med dårleg organisering av biltrafikk, parkering.\*
- Planlegging av sentrumsstruktur.
- Rusk og rask rundt på offentleg stad. Vedlikehald vinter/vedlikehald sommar for dårleg.
- Halde på "grøne lungar" i sentrum. For lite grønt i sentrum. For lite grønstruktur, mye asfalt. Grøne lungar
- Få uformelle møteplassar.\* Manglande møteplassar.
- Manglande ungdomsklubb.\* Lite egna lokale til ungdomsklubben.
- Koordinering av aktiviteter mangler, synliggjæring.\*
- Overfylte skular. Kroppsøvingssal, opplæringsbasseng.
- Nedslitte sentrumsbygg.\*

## KVA ER BRA?

- Koselig, lite og intimt sentrum med gode kvalitetar. Gode tilbod i sentrum.
- Deler av sentrum er perler - nokre er uslepe perler. Gjestehamn i sentrum, kan kome til Volda med båt og vere uavhengig av ferje. Tydelege kvalitetar er: kyrkja, halkjelsgata, hamna, elvadalen, litt lite utnyttet.\* Hamna.
- Kort veg til ALT. Korte avstandar – det er mogleg å gå/sykle til dei fleste områda i Volda sentrum.\* Kort veg til naturen! Skog, sjø, og fjell heile året. Naturen rundt Øyra elva.\* Kort veg til godt sjukehus.\* Rådhuset i sentrum med gangavstand til ferjekai. Gode omsorgsinstitusjonar.\*
- Geografisk lokalisering – solvendt solrikt. Oversiktleg. Ikkje i tvil om kor sentrum er.
- Volda sentrum har identitet og sjel.
- Folk har lyst til å bu i Volda (sentrum).
- Lite industri - lettare å disponere areal til butikkar og andre offentlege formål.
- Attraktiv bygningsmasse\*
- Gryande vilje til utvikling, god tilgang på sentrale funksjonar.\*
- Rikt organisasjonsliv. Dugnadsånd. Rikt kulturliv. Innbyggarar frå heile verda, gjer miljøet rikare. Aktivitetar.

## KORLEIS VIL VI HA DET I VOLDA OG KVA KAN VI GJERE FOR Å FÅ DET BETRE? (MÅL OG STRATEGIAR)

- Eit levande sentrum som kan vere ein samlingsplass/møtepunkt for innbyggarane i Volda kommune.\* Folkeliv.\* Volda som den føretrekte handel og opplevingsdestinasjon i regionen.
- Strategiar:
- Gjennomføre GEHL-planane. Oppretthalde og vidareutvikle arbeidet med sentrumsprosjektet og part narskapet.\*
- Politikarar som forstår viktigheten av eit godt sentrum og av utvikling.\*
- Volda må tilby ein god og variert handel.\* Blomstrande næringsliv. Variert, komprimert handelstilbod. Auke mangfaldet i varehandelen.
- Innbydande sentrum, ei butikkforeining som jobbar saman og skapar lunt og attraktivt handelssentrum. Strategi: Håpar nokon finn formelen for at sentrumsbutikkane kan stå samla som eit "varmt" sentrum.
- Fleire utestadar. Gourmet restaurantar.
- Redusere gjennomgangstrafikk.\* Gode kollektiv tilbod.\*
- Smidig og dynamisk sentrum.\*
- Regulere inn turvegar nær sentrum, sykkelvegar. Gode gangforbindelsar i komb med god organisering av biltrafikk og parkering.\*
- Tilrettelegge og få volda u.u.\*
- Volda må tilby gode fortau med lyd og lys på fotgjengeroverganger, ledelinjer etc.
- Sykkelveg.
- Volda må tilby HK + familieparkeringsplasser. Betring for parkering.
- Velordna sentrum der langtidsplassar og korttidsplassar er skilt i soner.
- Utvikle ein forståeleg skiltplan/parkeringsplan.

- Minimalt med biltrafikk i sentrum. Få bort trafikken frå sentrum. Det er ikkje bilen som skaper byen, men folka.
- Plassering ferjekai.
- Tilkomst hamn m/båt. Utlån av båt, kano, sykkel.
- Ta vare på grønne lunger i Volda.\* Godt miljø langs Øyra elva (Rydde, tilrettelegge for leik, fiske friluftsliv).
- Grønt sentrum - men basert på fleirbruk. (Parkering nokre dagar - marknadsplass neste dag.)
- Utvikle området langs Øyra elva.
- Styrke felles møteplassar. Flere gode møteplasser i sentrum (og god bruk av andre møteplasser utenfor sentrum). Tilbod til barn og unge. Gode leikeplassar - også i sentrumskjerna. Uformelle møteplassar under tak i det offentlege/halvoffentlege rom. Fortetting/"urbanisering" av sentrum = "naturlege møte plassar".\* Ein møteplass for å dele og lære av kvarandre basert på. -samhald -mangfald -idear og læring\*
- Overbygd smug bak hamnekvartalet mellom Cubus og Spinneriet.
- Organisasjonar som viser seg fram i sentrumskjerna.
- Bete sentrumsutnyttelse. Opprusta, tenelege sentrumsbygg. Høgus i sentrum. Gamle trehus med ny funksjon - dispensasjon frå TEK10. Fokus på forutsigbarhet trygghet på investering.\* Ta vare på trehus bebyggelse, samfunnshuset, kyrkja, gamle banken.\* Mogleg å fornye enkelte deler av sentrum. Pålegge huseigarane i sentrum til å renovere bygningsmassene. Ikkje la ferdighusfirma kjøpe opp eldre særpre ga bygg for å bygge blokkleiligheiter.
- Gi god kunnskap + øve press utøve innflytelse på rammesettere (Fylkeskommunen, stat, foretak, næringsinteresser.) Koble inn de viktige institusjonene + tydeleg leiing.
- Kortare reiseavstand inn til Volda for innbyggerane på vestsida er viktig.\*
- Kulturelle tilbod. At Volda har eit attraktivt kulturhus.\* Kino fleire dagar i veka.
- Romsleg.
- Volda driv heilskapleg samfunnsplanlegging.\*  
Strategi:
  - Drive heilskapleg planlegging med å gå vekk i frå kortidsplanlegging og over til å sjå dei store linjene for kvar skal Volda vere om 20 år fram i tid. Er vi den nye utkanten eller er vi eit sentrum i vekst??!!\*
- Livsgrunnlaget for Volda sentrum må underbyggast (kundegrunnlag) gi fleire funksjonar plass i Volda sentrum. Plassere store funksjonar meir sentralt i Volda sentrum (Høgskule, kulturhus, skular) gir betre grunnlag for kollektivtilbod og auka bruk av sentrum. Styrke sentrumsfunksjonar (høgskule – sentrum).\*
- Sykkelutleige, kanoutleige v/ Rotevatnet. Turveg rundt Rotevatnet. Veg på Rotsethornet. Tak over skateparken. Ny idrettshall og klatrevegg.\* Tilkomst for funksjonshindra til Rotsethornet.
- Gode skule og barnehagebygg- ikkje gløym borna i SENTRUM.
- Eit sentrum som spelar på lag med bygdene og omgivnadane (regionen).
- Samarbeide med kommunar og institusjonar rundt oss. Ikkje sikker på at samanslåing er alfa omega.\*
- Bru over fjorden.\* Pushe på framdrifta for Voldatunnelen.\* Flyavgang til Trondheim.
- Husk at Mork/Egset er ein del av sentrum.\* Det er 3 km til Mork frå sentrum og 3 km frå sentrum til Bratteberg feltet.
- Vil ha viktige tenestefunksjonar i Volda sentrum evt. Ørsta. Helse, handel mm.
- Utvikle sentrum og gjerne eit "nytt" sentrum på Rotset godt synleg frå E39. Slik at folk stoppar opp for å handle.  
Strategi:
  - Fleire sentrumsfunksjonar mot Rotset.
- Samarbeid studentar, høgskule, fastbuande.
- Større Hotel i Volda.\*



## KVA ER UTFORDRINGANE?

- Gode arbeidsmiljø på arbeidsplassane. Mobbing på skule/arbeidsplassar.\* Digital mobbing.\*
- Mangelfullt tilbod til ungdom.\*
- Tilbod som kanskje er litt for "spissa".
- Volda er eit "sporty" lokalsamfunn- om ein ikkje har desse interessene og motivasjon så fell ein fort utanfor og har ikkje noko tilbod, allidrett eit alternativ.
- For få tilbod å møtast på tvers av alder/nasjonalitet/sivilstatus.\*
- Korleis legge til rette for gode turmuligheite i nærmiljøet, utrygge vegkryssingar, dårleg gatelys.\* Korleis finne dei fine stiane som ligg i utmarka når ein ikkje er kjend i området.\*
- Gang og sykkelstiar.
- Mangelfull skilting i sentrum – lite gåing.
- For få tydelege gode rollemodellar- personar som er lokale og står for noko.
- Stort press på ungdom – store krav som gjer at fleire vert utbrende i tidleg alder.
- Vere bevisst på nettvett
- Lite integreringsarbeid.
- Helsesystrene er kjempeviktige.\* Legekapasitet. Sosialteneste grunnskule.
- Sjukefråvær.
- Sjå eldre som blir involvert.
- Overvekt.

## KVA ER BRA?

- Breidde innan kultur og organisasjonsliv.\* Gode og mangfaldige fritidstilbod.\* Rikt idrettsliv.\* Gode treningsmoglegheiter innandørs. Godt fotballmiljø/handball/Volleyball.\*
- Godt sjukehus i nærleiken gir tryggleik.\*
- Folkehelsekoordinator. Nytilsett kommunespsykolog. BUP.
- Fokus på helse i heile grunnskuleløpet( Zippy, psykisk helse i skulane). Arbeidar aktivt med nettvett på ungdomstrinnet.
- Eldrekafè, ungdomsklubb, kulturskule.
- Gode omsorgsinstitusjonar for eldre.
- Flott og variert natur med mange muligheiter (fjord, sjø, fjell, skog, sykling, lysløyper, toppturar).\* Nær natur. Gode naturgjevne forhold for friluftsliv.\* Turmogelegheiter. Rikt idrettsliv. 10- turmål.
- Snart heil sykkelveg til Ørsta.
- Varmtvannsbasseng.\* Skatepark.\* Langemyra. Mørehallen.\* Reset. Skisenter. Tilbod om basseng v/Dalsfjord skule haustferie - mai er kjempe bra og vert mykje brukt.
- Gode verdiar. Større grad av toleranse. Mindre stress ift større stader.
- Mindre støy og forureining.

## KORLEIS VIL VI HA DET I VOLDA OG KVA KAN VI GJERE FOR Å FÅ DET BETRE? (MÅL og STRATEGIAR)

- Godt arbeidsmiljø. Mobbefri skule/arbeidsplass.\* Nettvett – born/ungdom/vaksne.
- Fleire sosiallærarar. Utviding av helsesøstertilbod i skulane.
- Godt turvegnett\* Gå på tur i frå inngangsdøra og sleppe å setje oss i bilen.\* Gode friluftstilbod mykje unytta natur sør for fjorden. Auka tilgjenge til friluftsliv.\* Strategiar:
  - Utvikle turvegnettet.\*
  - Sikre turveggar med universell utforming Rullestol i strandsone, rotsethornet, høgetua.
  - Tursti rundt Rotevatnet\* (u.u).
  - Veg til Rotsethornet (u.u).
  - Utvikle 10 – turmål meir.
  - Gang og sykkelstiar på bygdene.
  - Merking av stiar på bygdene.
- Legge til rette for fiske med rullestol i Elvadalen, sjøen, Rotevatnet, Aldalen, Hovdevatnet eller andre stadar.\*
- Auke bruken av sykkel til og frå jobb. Strategiar:
  - Godt sykkelvegnett. Gode sykkel og gangveggar slik at fleire går/sylar til arbeid og skule.
  - Kanskje bør born i større grad gå eller sykle til skulen.\*
  - Gang og sykkelveggar åtskilt syklande og gåande.\*
- StudiebygdA sin 0-punktsanalyse.
- Dei fasilitetane ein har kan sikkert brukast meir, få fleire ut av sofaen, treningstilbod for ulike nivå.\* Få folk vekk i frå Tv/Pc.\* Strategiar:
  - Auka kapasitet på Reset, bytte ut trekket med t-krokar (dobbel kapasitet).
  - Alle svømmebasseng får vatn.
  - Skaffe eit treningsmiljø for friidrett.
  - Må få på plass ein klatrevegg med kapasitet til VM/WC i klatring. Sunnmøre har ein av landets eldste klatreklubbar 40 år!! Og er eit klatremekka to som klatrar i Norgestoppen, sjå Sogndal.
  - Utvikle friidrettstilbodet.
  - Vi ynskjer å ha treningstilbod i gymsal og basseng.\*
  - Tilgang til å låne utstyr til ulike sportsaktivitetar, vert fort kjøpepress.\*
- Auke pensjonist kino på dagtid.\*
- Kunnskap gjennomsyrrer samfunnet, toleranse og utvikling i samarbeid. Samhald, mangfald, idear, læring\* Dei gode vanane vert tileigna frå ein er små.\* Eit raust samfunn.
- I Volda er vi godt opplyste om gode matvanar: I Volda ligg vi i botn på lista over mengde sukkerhaldig godteri, brus og liknande vi er også den kommunen som bruker minst av kunstig søtningsstoff, i Volda har vi fokus på dei gode matvanane.
- Innføre sunn god varm mat i skulen\*. Volda er den kommunen som går inn for varm mat i skulen, gjerne foreldrebetalt eventuelt med eit behovsprøvd betalingstilskot.\*
- Stimulere til å utvikle ein formidlingskultur basert på samarbeid med Høgskulens formidlings og velferdsutdanning – formidle gode verdiar til omverdenen, intet mindre (kan gi godt næringspotensiale).



# TEMA: Klima og miljø

## Renovasjon

Korleis få transport over på kollektivtransport?

Dårleg tilbod for levering av grovavfall på sør- og vestsida av fjorden

Fokus på klima og miljø i barnehagar og skular.

Bra kollektivtilbod i Volda sentrum. Gang- og sykkelforbindelsar

Bør begrensast utviding i Furene, dette p.g.a. aukande støy

## UTFORDRINGAR

## KVALITETAR

## MÅL OG STRATEGIAR

### KVA ER UTFORDRINGANE?

- Korleis få transport over på kollektivtransport.
- Renovasjon - legge til rette for levering av søppel for samtlige innbyggjarar.
- Trafikktryggleik.
- Skuleveggar.
- Folkestad Grendautval vil bemerke at det er for dårleg tilbod for levering av grovavfall på sør- og vestsida av fjorden. Dette problemet viser igjen mange plassar langs vegkantane både Dalsfjorden, på Folkestad og rudnt Austefjorden! Det er tydelegvis lettare for mange å tippe grovavfall og byggeavfall enn å ta det med seg på tilhengar og måtte bruke ferje for å kome seg til VØR. Det er for lite med ein container 1 gang i året! Her burde VØR vere meir på «tilbodssida», slik vi har høyrte om at nokre andre regionar og kommunar har praksis for. For oss på bygdene har VØR mange ideelle krav og «tilbod» som passar for sentrum, men som ikkje er like tenlege for oss på bygdene der avstandane er større. Kva med betre utbygde miljøstasjonar enn det som er i dag, samt å invitere seg rundt med kontainer meir enn 1 gong i året, samt tilby henting av spesialavfall og større avfallsgjenstander (traktorar, gravemaskiner, gamle bilar, etc)?

### KVA ER BRA?

- Fokus på klima og miljø i barnehagar og skular.

### KORLEIS VIL VI HA DET I VOLDA OG KVA KAN VI GJERE FOR Å FÅ DET BETRE? (MÅL OG STRATEGIAR)

- Legge til rette for levering av søppel for samtlege innbyggjarar.\*
- Utvide kollektivtilbodet. Må ha bra kollektivtilbod i Volda sentrum, men for å få det må det verte "vanskelegare" å bruke bilen. Gang- og sykkelforbindelsar.\*
- Betre trafikktryggleiken.
- Gode gang- og sykkelveggar.
- Starte opp med parsellhagebruk på gardsbruk som er nedlagde. (Folk får andelar der dei kan dyrke det dei har lyst til og får fagleg bistand med bonden og eventuell hjelp til maskinelt arbeid.)
- Det bør snart begrensast utviding i Furene, dette p.g.a. aukande støy døgnet rundt for folk som bur her.\*

# TEMA: Tenester

For liten kapasitet i høve planlegging

Pressa grunnbemanning i deler av pleie- og omsorg

Ligger på 10. plass (høgste score, prosentdel) i tenester i Norge

Eldre skal føle tryggleik

Minst mogleg fråfall i vidaregåande

Tilbod om 50 % barnehageplass

Behalde sjukehuset

Skuletilbod: oppretthalde i heile kommunen

Tenestene må ha godt omdømme - for å rekruttere godt

Sikre god brukardialog

Fleire innbyggjarar

Busette flyktningar på bygdene?

Barnehagen og skulen på Mork er for små

## UTFORDRINGAR

## KVALITETAR

## MÅL OG STRATEGIAR

### KVA ER UTFORDRINGANE?

- For liten kapasitet i høve planlegging.\*
- Pressa grunnbemanning i deler av pleie- og omsorg.\*
- Større avstand til NAV-kontoret.
- Investering i infrastruktur.
- Dyrt å drifte.
- Oppretthalde og halde ved like skuletilbod.

### KVA ER BRA?

- Ligger på 10. plass (høgste score, prosentdel) i tenester i Norge.\*
- Trass lita bygd har vi mange gode tenester, korte avstander til tenestene, god oversikt.
- Desentralisert skulestruktur.
- Har klart å gje godt barnehage- og skuletilbod, både i bygder og i sentrum.
- God barnehagedekking. Målsetting om å ha 50% barnehagelærardekking i den enkelte barnehage.
- Kvalifisert personale.

### KORLEIS VIL VI HA DET I VOLDA OG KVA KAN VI GJERE FOR Å FÅ DET BETRE? (MÅL OG STRATEGIAR)

- Tilbod om 50 % barnehageplass.\*
- Barnehagen på Mork er for liten.
- Skuletilbod: oppretthalde i heile kommunen.\*
- Minst mogleg fråfall i vidaregåande.\*
- Eldre skal føle tryggleik.\*
- Tryggleik. Gje hjelp til dei som treng det.
- Behalde sjukehuset.\*
- Betre legevakttilbodet og legetenestene.
- Høgt kvalifisert personale.
- Tenestene må ha godt omdømme - for å rekruttere godt.\*
- Tidleg innsats – førebygge i staden for å reparere.
- Sikre god brukardialog.\*

- Fleire innbyggjarar.\*
- Busette flyktningar på bygdene?\*
- Dimensjonere teneste til rett mengde på rett nivå.
- Skuletilbodet i Morkabygda er under dispensasjon og frist for å komme med ein plan for det gamle skulebygget er 31.01. 2017. Skulekrinsen i Morkabygda er den einaste skulekrinsen på bygdene som aukar. Rektor sa at når ho vart rektor i 2008, var det 49 elevar ved Mork skule. Skuleåret 14/15 var det 72 elevar, 15/16 er det 74 stk. og firedelt. Neste år 16/17 aukar det til 82 elevar og skulen må bli femdelt og skulen er då for liten. Skulen fordeler seg på at 1-4 klasse er inne på Mork Grendahus, og 5-7 Klasse er på gamleskulen. Neste år vert klasseroms delinga for 1 og 2 klasse for liten. Tiltak er rive gamle bygget og erstattast av nytt, eventuelt midlertidige brakker i byggeperioden av nytt bygg. Gamle bygget er ca 10 x 20m vel 200m2 grunnflate og det er kun kjellar og h.etg som er i bruk. Har ikkje muligheit for universell utforming. Her kan ein få eit nybygg på f.eks 30 x 20/25 meter med klasserom i underetasje, h.etg og lærar rom på loft, teknisk rom (sjå figur under). Pris nybygg er ca 25000kr pr m2.

Det er to klasserom, SFO og gymsal (god gymsal, men liten som forsamlingshus) i Mork grendahus pga befolkningsauke.

Nytt skulebygg i 3 etg. Med f.eks. lærarrom på loft. (30x20/25m.)

Muligheit for midlertidig brakkebygg.

Ungdomshuset som midl. klasserom?



Figur: Mork skule (innspel frå Mork grendalag).



## KVA ER UTFORDRINGANE?

- Handtering av naturkatastrofar (orkan, flom, vas/skred). Straum, mobil, internett, brøyting.\*
- Flaumsikring
- Rassikring
- Klima gir risiko for ekstreme tilstander: flo, ras.\*
- Snørás rundt fjordane RV 41 (Dalsfjord).\*
- Brann.\*
- Politiberedskap - utrykningstid.
- Overvatn frå store byggefelt.
- Terrortrussel i vatnreservoar.
- Trafikktryggleik.
- På bakgrunn av den auka bygge og utviklingsaktiviteten på Mork, Egset og industriområdet Furene kjem også behovet for å revurdere og fornye trafikktrygginga i bygda vår. Mork grendelag har ut frå daglige erfaringar med bruk av det eksisterande vegnett sett fleire kritiske og nødvendige forbetnings behov.\*

## KVA ER BRA?

- Kort veg til sjukehus.\* Lokalt sjukehus.\*
- Bra med HV i Ørsta og Volda og sivilforsvar.
- Brannvesenet.\* Lokal brannstasjon,
- Politiet.
- Lokal kriseleiing.
- Oversiktleg samfunn.
- Utbygginga av veglys
- Fiber
- Nærheit til alle tenester
- Korte avstandar

## KORLEIS VIL VI HA DET I VOLDA OG KVA KAN VI GJERE FOR Å FÅ DET BETRE? (MÅL OG STRATEGIAR)

- Beholde akutfunksjonen på sjukehuset.\*

- Kommunen må ha god beredskap.\* Gode beredskapsplaner.
- God beredskap:\*
  - Naturkatastrofer
  - Politi
  - Brann
- Betre kommunikasjon (data/tele) i heile kommunen.\*
- Samarbeide med andre kommunar.\*
- Samarbeid med sjukehuset.\*
- Sikre at kommunen har god nok krisekapasitet.
- Straumforsyning bør leggst i bakken.
- Mork grendelag krev at moment knytt trafikktrygging snarleg vert iverksatt.\*
- Det er ei generell oppfatning at ny ferjekai mellom Lauvstad og Volda plassert i Morkabygda er ikkje velkommen sett frå Mork grendelag.
- Rassikring FV 40.
- Folkestad grendautval: Rassikringa av Dalsfjorden viktig for oss.\* Vi deltok i «rasmøte» i Åmelfoten 4. november, der fleire av grendautvala stilte, samt folk frå Vegvesenet og frå Mesta (ingen frå Volda kommune stilte). Det som m.a. kom fram der, var at utbetring/rassikring på strekninga mellom Folkestad og Nautvika, Skarhammarstrekninga, var noko som ville ha størst effekt for rastryggleiken i høve folketalet/bygdene dette ville hjelpe for.
- Fartsgrenser på fylkesveg 40 frå Folkestad ferjekai – Nautvika: Folkestad Grendautval har hatt denne saka som prioritet frå opprettinga av utvalet, i 1989, men hittil har det i løpet av 26 år (!) ikkje kome eitt einaste fartsavgensande skilt! (Men det er 50- og 60-skilt mange andre stader, både på denne fylkesvegstrekninga og på andre vegar gjennom bygdene i Volda! Og naturlegvis i sentrum...) Innspela frå Folkestad har stort sett kopt bort i kålen i kommunikasjonen mellom Volda kommune og vegkontoret i Molde, og i den endelege prioriteringa. Vi ser at ønska frå Folkestad står nemnt i Kommunedelplan for trafikktrygging 2014-2017, men det har dei også gjort tidlegare.....
- Trygg og trafikksikker skuleveg: Dette har vore ei årelang prioritert sak, der det trass i at Volda kommune har hatt det med i kommunedelplan for trafikksikring i mange år, så har det alltid til slutt hamna nedst på listene, og i gjeldande plan er det omtala som ei av utfordringane for komande periode. Punktet heng saman med punkt om fartsgrenser på fylkesveg 40. Dette har dessverre også med prioritering frå Vegkontoret å gjere. Det har vore mange forslag om fotgjengarovergang/markert gangfelt i krysset før ferjekaia, fotgjengarbru på den smale og svært farlege brua på E 39, betre skilje mellom gåande og køyrande (mykje tungtrafikk), mm. Men: Ingenting har blitt realitet!
- Det har også vore teke opp punkt med sikring av kommunal veg frå krysset ved gamle Folkestad bru og ned til skulen, der vegkant mot Folkestadelva ikkje har autovern, og der det er 7-8 meters usikra stup ned til elva, og der grunnen er bergrygg og store steinar. Dette er potensielt like farleg som krysset E 39/fylkesvegen! I tillegg har elva grave seg meir inn i kanten ved skulen, og avstanden er no berre ca 8-10 meter til skulehjørnet! Vi har teke opp saka med Folkestadelva både med NVE, Vegvesenet og Volda kommune tidlegare, men desse tre partane har ikkje klart å samordne seg til denne tid, trass i lovnad om synfaring og sikringstiltak!



**Volda kommune**

Stormyra 2  
6100 Volda

[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Telefon: +47 70 05 87 00

Faks: +47 70 05 87 01

Åpningstider: 08.00–16.00

